

Førebuande opplæring

for voksne (FOV)

Førebuande opplæring for voksne (FOV) er grunnskule for voksne.

Opplæringa er:

- på nivået før vidaregåande opplæring
- gratis
- for deg som manglar grunnleggande opplæring

Kven kan ha rett til FOV?

Du kan ha rett til FOV dersom:

- du er vaksen
- du ikkje har fullført grunnskule
- du manglar dokumentasjon på skule frå heimlandet
- du har lovleg opphald i Noreg

Det er kommunen som vurderer om du har rett til FOV.

Kva fag kan du få?

I FOV kan du få opplæring i:

- norsk
- engelsk
- matematikk
- naturfag
- samfunnsfag



Opplæringa er delt inn i fire modular.

Du får opplæring på det nivået som passar for deg.

FOV har også ein grunnmodul. Grunnmodul er for deg som skal både lære norsk og lære å lese og skrive på grunnleggande nivå.

Kva er realkompetansevurdering?

Før opplæringa startar, skal kommunen vurdere kompetansen din gjennom ei realkompetansevurdering.

Realkompetansevurdering betyr at kommunen ser på kva du kan frå før.

Det kan vere:

- skule du har gått på
- jobb du har hatt
- kurs du har teke
- erfaring frå kvardagen

Målet er:

- at du får rett opplæring
- at du slepp å lære det same på nytt

Kommunen vurderer først om du har rett til FOV. Dersom du har rett til FOV, har du også rett til realkompetansevurdering. Du treng ikkje søkje ekstra om dette.

Kva kan bli resultatet av realkompetansevurderinga?

Etter realkompetansevurdering kan du:

- få godkjent heile eller delar av fag
- bli plassert på rett modul i dei ulike faga

Du får eit skriftleg svar frå kommunen. Dette er eit enkeltvedtak. Du kan klage på korleis vurderinga er gjort.



Treng du hjelp?

Du får rettleiing før realkompetansevurderinga og opplæringa startar. Kommunen nyttar tolk dersom du treng det. Ta kontakt dersom du treng hjelp til å søke FOV.

Ta kontakt med: Stad vaksenopplæring

Telefon: 48237007

E-post: vhr@stad.kommune.no



Stad kommune